

# MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 2 2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I disse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over, og gi gjerne melding om fleire abonnentar. Brev kan også lastast ned frå NBS sine heimesider. Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste nedst på arket.

Tema denne gongen er bondeprotestane i Tyskland, skog- og utmarksbrannar og landbruk i Colombia. God lesnad.

## Bondeprotestene i Tyskland — forandring eller stillstand?

De siste ukene har det vært store bondeaksjoner i mange europeiske land og spesielt i Tyskland, Frankrike, Belgia, Hellas og Italia. Felles er protestene mot frihandelsavtalen mellom EU og Mercosur, tilbakeføring av landbruksareal til natur og andre regler innenfor European Green Deal. Men tar man for seg bare ett av landene, i mitt tilfelle Tyskland, og ser litt nærmere på de forskjellige organisasjoner som står bak protestene, får man et litt mer differensiert bilde.

Bondeprotestene i Tyskland startet i desember i fjor. Utgangspunkt denne gangen var nye regler for avgifter på traktorer og andre landbrukskjøretøy og tilbakebetaling for landbruksdiesel. Regjeringen med Sosialdemokratene (SPD), De Grønne (Bündnis 90/Die Grünen) og de Liberale Demokratene (FDP) ville redusere avgiftsfritaket for landbrukskjøretøy og avskaffe dieselstøtten. Etter hvert har protestene utvidet seg med større vekt på den generelle situasjonen i landbruket, dårlige priser, økte kostnader og voksende byråkrati.

Den største landbruksorganisasjonen i Tyskland er Bondelaget (Deutscher Bauernverband (DBV)), som er paraplyorganisasjonen for bondelagene i de 18 tyske delstatene og av de fremste i protestene. Ved siden av DBV er det to organisasjoner som ble dannet som protestbevegelser, LSV (Land schafft Verbindung, land skaper tilhørighet) og Freie Bauern (frie bønder).

De fleste bønder og deres organisasjoner kritiserer utviklingen i landbruket, men ikke alle støtter aksjonene. De som ikke oppfordrer sine medlemmer til å delta, er AbL (Arbeitsgemeinschaft bäuerliche Landwirtschaft), som kan anses som det tyske Småbrukarlaget, og LVÖ (Landesvereinigung für den ökologischen Landbau), som samler fire tyske organisasjonene for økologisk landbruk, Demeter, Bioland, Naturland og Biokreis.

At AbL ikke oppfordrer til protesten, betyr ikke at de går god for forslaget. For en økologisk gård med 700 dekar areal ville det bety å miste opptil to månedsinn-

tekter. Bøndene i AbL ser utfordringene i landbruket og vet at det ikke kan fortsette sånn som i dag. De ønsker at eventuelle innsparinger å stimulere en omstilling av landbruket til høyere økologiske standarder og dyrevelferd og samtidig at den økonomiske situasjonen må forbedres. Derfor krever AbL:

1. Bøndene må få en bedre forhandlingsposisjon for å sikre bindende og rettferdige priser for sine varer med leverings-/mottaksgaranti.
2. En dyrevelferdsavgift som kan finansiere omstillingen av dyreholdet i en mer dyre- og miljøvennlig retning.
3. At skattesystemet brukes slik at det hindrer at bedrifter med over gjennomsnittlig store arealer å kjøpe enda mer areal, for å motvirke «landgrabbing».
4. Miljøvennlige tiltak i gårdsdriften må gi bedre inntekter. Bare det kan skape aksept til å sette den nødvendige omstillingen i gang.
5. Midlene til omstillingen må knyttes til det reelle behovet gården har framfor til arealgrunnlaget. Nå er det de største gårdene som mottar mye av omstillingsmidlene, mens det nesten ikke er lønnsomt for de minste familieeide gårdene å sette omstillingen i gang.
6. Sikring av et GMO-fritt landbruk for å hindre inntektsstap pga. forurensing av egne produkter med GMO-materiale.

Så selv om DBV, LSV og Freie Bauern er enig i enkelte krav fra Ab, så er spesielt LSV og Freie Bauern mer eller mindre uenig i krav om et mer miljøvennlig og klimavennlig landbruk. Samtidig gjør det tyske bondelaget ikke noe særlig mot industrialisering i landbruket og fremmer derfor utviklingen til større industrielle gårder og økt landgrabbing.

Spesielt fra LSV og Freie Bauern hører man ofte paroler rettet mot «økoterrorisme», det vil si tiltak som fremmer økt dyrevelferd, mindre bruk av plantevernmidler og andre miljø- og klimatiltak. Da er det heller ikke forunderlig at LSV-lederen Anthony Lee fornek-

ter klimaendringer og taler foran partiet AfD, et ytterliggående, høyrepopulistisk parti som for tiden ligger på rundt 20% i meningsmålinger, men med store nasjonale variasjoner. At store deler av bondestanden i Tyskland er konservativ og står politisk langt til høyre er ikke noe nytt. Men at mange søker AfD, som ønsker å kvitte seg med alle landbruksubsidier, er destruktivt for landbruket. Samtidig har hverken LSV eller Freie Bauern noe imot at andre høyre-radikale grupperinger deltar i protestene eller at enkelte bønder bruker det svart-hvit-røde flagget (flagget til det tyske riket) og andre symboler fra høyre-radikale og nasjonalistiske bondebevegelser fra 1920- og 1930-tallet. At protester i Tyskland blir overtatt av høyrepopulistiske og høyre-radikale krefter, har vi også sett under protestene mot koronatiltak, energikrisen eller på fredsmarsjer.

Bondeprotestene i Tyskland handler ikke lenger om kutt av dieselstøtte, som allerede er sterkt redusert. Protestene retter seg nå stort sett mot selve regjeringen i Tyskland -- med drahjelp av høyrepopulistiske og høyre-radikale krefter. Tapet i denne utviklingen er tyske bønder. Den nødvendige omstillingen av det tyske landbruket blir igjen utsatt, og økonomien bedrer seg ikke med en eneste euro.

René Cortis  
(fra Sachsen i Tyskland, småbruker i Hadsel i Nordland og medlem i internasjonalt utvalg NBS)

### INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Leiar Margit Fausko,  
e-post [margit@smabrukarlaget.no](mailto:margit@smabrukarlaget.no)  
Ilona Drivdal,  
e-post [ilonadrivdal@yahoo.no](mailto:ilonadrivdal@yahoo.no),  
Jens Erik Furulund,  
e-post [jens Erik.furulund@gmail.com](mailto:jens Erik.furulund@gmail.com)  
René Cortis,  
e-post [rene.cortis@gmail.com](mailto:rene.cortis@gmail.com),  
Audun Emil Tvedten,  
e-post [audun.e.tvedten@gmail.com](mailto:audun.e.tvedten@gmail.com)  
Olav Randen,  
e-post [boksmia@online.no](mailto:boksmia@online.no)

# Varmare klima, skogbrannar og beiting



I desse dagar blir det meldt om alvorlege skogbrannar på den sørlege halvkula, såleis i Australia, Amazonas og Chile, i Chile såleis med tap av 112 menneskeliv når dette blir skrivi. Dei siste somrane har det vore store brannar i spansk lågland, kanadiske skogar og franske skogsområde. Jamvel frå Sverige nord for Polarsirkelen, sveitsisk alpelandskap og Grønland kjem meldingane. Nokre tiår sidan var California ein attraktiv tilflyttingsplass for rikfolk frå andre delstatar i USA og mange land, no gjer brannar og tørke at fleire flytter frå enn til. I USA øydelegg gras- og skogbrannar årleg dobbelt så store område som femti år sidan. Ein forskingsrapport derifrå hevdar at for kvar grad temperaturen stig, vil risikoen for skog- og utmarksbrannar bli firedobla. På verdsbasis er slike brannar av dei store miljøproblema med landtap, avlingstap, auka karbonutslepp og meir forureining, med forureina drikkevatt og sjukdomsspreiing.

## Forureina luft

Dei 112 døde i Chile er truleg berre starten, og det same er dødsfall direkte på grunn av brannane. I løpet av månadene og åra som kjem vil truleg mange-mange menneske i og nær brannområdet ende sine dagar på grunn av den luftforureininga

brannane fører med seg. Seniorforskar Saurangsu Chowdhury ved CICERO arbeider med forskingsprosjektet Exhaustion og var intervjuet i siste meldingsbladet til CICERO, *Magasinet Klima*. Prosjektet tek for seg Europa. 2020 og 2022 var dei verste åra med skogbrannar til no. I 2022 brann eit område like stort som Rogaland ned. Når brannomfanget har auka, er det ikkje minst på grunn av varmare og tørrare og meir langvarig sommarvår. Sot og andre giftige partiklar og gassar rammar spesielt eldre, folk med utarbeid og små barn, som er nærare bakken og enno ikkje har fullgodt utvikla lungar. Samla tal dødsfall i Europa på grunn av dårleg luftkvalitet desse åra er 300 000, og av dei 40 000 eller 13 % på grunn av røyk frå skogbrannar, fortel han. Forskinga tyder på at dødstalet minst blir seksdobla frå no og ut dette hundreåret, seier forskaren.

**Årleg dør 300.000 menneske i Europa av dårleg luftkvalitet. 40.000 av desse dødsfalla kjem av skogbrannar.** (Magasinet Klima

6,2,2924)

## Tre årsaker

Brannar i utmark oppstår på to hovudmåtar, lynnedslag og menneskes bruk av eld eller utstyr som slår gneistar eller produserer varme. Lynnedslag skjer ustansleg, på kloden 8 millionar gonger om dagen, og oftast når lufta er varm. Såleis fører global oppvarming til meir uroleg vår og etter alt å dømme meir torevår. Forsking tyder på 12 % auke i torevørsaktiviteten for kvar grad temperaturen stig. Like viktig som dette for vår del av verda er at klimaendringane ser ut til å utvide området der hyppige lynnedslag finn stad. Torevørsområda har vore områda rundt ekvator, men dei veks både mot nord og sør.

Den andre utløyssande brannårsaka, bruk av eld og varmekjelder, går derimot truleg ned. I mange land oppheld menneske seg mindre i utmark no enn for tusen eller hundre år sidan, og når dei gjer det, har dei gjerne med seg skjerma kokeapparat og varmekjelder med konsentrert, fossil energi og elektrisitet i form av batteri. Propanapparatet er mindre farleg enn kaffibålet. Brannfarleg aktivitet som brenning av kolmiler, svedjebruk, jernvinne, tjørebrenning og innkoking av havvatn til salt er det mindre av. I motsett lei verkar gneistar frå motorar, motorsager, bilar, gravemaskinar og grasklippappar til dømes.

Ei tredje årsak må også nemnast, at brannar blir påsette. Stundom står pyromanar bak, andre gonger spekulantar som vil bruke utmarker på andre måtar, til dømes til soyaproduksjon, og som veit at brannramma område er lettare å få hand om enn naturområde.

I lange og intense tørkeperiodar, som det blir fleire av, er jord og skog ekstra utsett. Oppvarminga gjer også at vintrane med kulde og snødekke blir stuttare og sesongane med brannfare lengre. Brannfolk i California seier at omgrepet brannsesong er fortid, no brenn det heile året. Jamvel i delar av vårt land har skogbrannar vorte nesten eit heilårsfenomen.

Samtidig med vekst i lynnedslag skjer ei anna endring. Tømmer- og vedhogsten går frå plukkhogst til flatehogst. Med hogstmaskinar blir heile skogteigar fjerna. Att ligg tjukke kvistlag som tørkar og lett tek fyr.

## Beiting som brannhindrande tiltak

Dei siste hundre åra har mykje av verda avvikla utmarksbeiting. Ein større og større del av den animalske menneskeføda blir i staden produsert på innmarker med gjødsla gras, monokulturar og kornföra husdyr. Beitande husdyr og ville dyr fremjar plantemangfaldet og held jorddekket i utmarka friskt. Veksende, friskt gras, planter og tre hentar vatn frå jord og regn og tek ikkje lett fyr. Når beitedyr et ein del av plantene og samtidig trør sund grasdekket med klauver og høver og spreier frø, veks nye planter opp. Den kjende beiteforskeren Allan Savory opererer med ei tredeling, ein tredel av vegetasjonen blir eten, ein tredel blir trødd ned og den siste tredelen står att. Om alt planteliv i staden visnar og rotnar, stengjer det i ein periode for ny vekst, og lendet endrar dei seg frå lite til mykje brannutsett.

Etter skog- og utmarksbrannen oppstår ofte eit nytt problem i bratt terreng. Planterøtene har stabilisert jorda, og menneske har bygt hus, vegar, kloakkgrofter og straumliner. Når skogen og botnvegetasjonen brenn, rotnar planterøtene, og rasfaren blir større. Med jordskred følgjer tap av hus og infrastruktur og stundom menneskeliv, forureining av drikkevatt nedstraums og nye klimautslepp.

Bortsett frå å stogge den globale oppvarminga med mindre utslepp og meir karbonbinding og å byggje ut overvåkings-, varslings- og brannsløkkingskapasiteten med fleire helikopter og satelltovervaking i staden for den gamle ordninga med branntårn, er det ikkje så mykje me kan gjere for å unngå

skog- og utmarksbrannar. Lynnedslag kan me korkje hindre eller styre dit dei ikkje gjer skade. Men det å bruke beitedyr til å byggje opp ein frisk grasbotn i skog- og utmark bidreg til å redusere brannfaren. Spesielt viktig er dei små dyra, som sau, geit, hare og rådyr, fordi dei også ryddar kvist nær bakken.

I tillegg kjem at vekst i plantedekket i skog og lågfjell bidreg til å binde meir karbon i jorda. Plantedekket bind karbon i vekstperioden, men slepper ut att noko og lagrar noko av det i jorda når plantene visnar. Slik gjer beiting i høveleg omfang at større karbonlag byggjer seg opp under grasdekket og at planteveksten blir rikare, meir variert og meir motstandsdyktig mot brannar.

## Idéen om todeling av landskapet

I mange land har miljøforkjemparar arbeid for ei inndeling av landskapet i utbyggingslandskap og naturlandskap. Dei siste skal vere så urørte som råd. På naturvernkonferansen i Montreal i 2022 vedtok dei at 30 prosent av land og hav skal bevarast som naturlandskap. For å redusere omfanget av skog- og utmarksbrannar og for å binde meir karbon i jorda må me gå ein noko annan veg. Då er meir beiting, både av husdyr og ville dyr, på den tredelen av den ikkje-isdekte landjorda som ikkje er nedbygd og som eignar seg for beitedyr, den beste måten å bremse utmarksbrannane på.

OR

# Amazonas 2024 — oppvarming, tørke og skogbrannar

Regnskogen i Amazonas er på 5,5 millionar km<sup>2</sup>, 14 gonger Norges samla areal. Amazonas utgjer over halvparten av jordas regnskogområde og inneheld 10 prosent av all biomasse på jorda. Elva Amazonas er verdas lengste eller nestlengste, avhengig av korleis ein reknar, og har minst tusen sideelvar. Ikkje i noko anna område på kloden finst så mange sjeldne artar mikrobar, planter, insekt og dyr. Mykje av det er enno ukjent. Medan våre skogar og alt liv i dei har kome dei siste 12.000 åra etter at isen smelta, er truleg regnskogen i Amazonas minst 50 millionar år gammal.

Amazonas-regionen er no ramma av den verste tørken dei siste hundre åra og kanskje nokosinne. Elvar som i all kjend tid har vore transportårar for varer til og frå folk i området, har vorte tørre elveleie. Fisken dør, og brønner tørkar ut. Skog dør av tørke, og skog blir brent eller hogd for å gi plass til beiteland, landbruk og gruvedrift.

Amazonas er langt på veg eit sjølvstendig kretsloop. Vassdamp kjem frå Stillehavet og inn over land med luftstraumane. Den andre vasskjelda er at tre med djuptgåande røter hentar vatn langt nedanfrå grunnen, og noko av det fordampar gjennom blada og fører til luft med vassdamp i og regn. Rundt halvdel av nedbøren kjem på denne måten frå grunnen. Over tid har det vore omtrent balanse mellom karbonbinding og utslepp. No gjer eit varmare klima og reduksjon av området med 15-20 prosent at Amazonas avgir vesentleg meir karbon enn det blir bunde.

Det forsterkar seg sjølv. Når skog og botnvegetasjon visnar, blir det meir sårbart for brannar. Når store tre dør, tre som før dagleg pumpa opp hundretals liter med vatn frå grunnen, blir lufta tørrare og varmare, med det resultatet at meir skog tørkar ut. Det finst eit vippepunkt der fordampinga blir så lita at regnskogen bryt saman og berre spreidd kratt eller i verste fall ørkenlandskap blir att, men akkurat kvar dette vippepunktet frå fruktbar regnskog til livsfattig savanne eller ørken er, er uråd å seie. Det som derimot er tvillaust, er at i tilfelle vil ein viktig del av verdas artsmangfald bli borte, at livsgrunnlaget vil forsvinne for millionar menneske og at veldige karbonmengder vil flytte seg frå landjord til luft og drive temperaturstigninga oppover.

Når fordampinga sviktar i Amazonas, ramar det landbruksproduksjonen i mange sør-amerikanske land. Minst 8 delstatar i Brasil er ramma av tørke. Det kan gå ut over alle land som har basert produksjon av landbruksmat og oppdrettsfisk på sør-amerikansk soya.

(Kjelder: Erik Martiniussen: Ekstremtørke trugar Amazonas, grundig artikkel i Dag og Tid 9.2.2024, heimesidene til Regnskogfondet og WWF, Alex Fox: The Amazon Rainforest Now Emits More Greenhouse Gases Than It Absorbs, Smithsonian Magazine 7.4.21)

OR

# Jordreform for varig fred i Colombia

Colombias president har sett seg føre å gjennomføre jordreforma som vart lova som del av landets viktige fredsavtale frå 2016. I landet, der 1 % eig 81 % av den fruktbare jorda, er omfordeling av jord ein føresetnad for fred.

Fredsavtala i 2016 mellom staten og geriljaen FARC markerte starten på ein viktig, men lang og treig, prosess for varig fred i landet. Colombia har hatt ein væpna intern konflikt i over 60 år, og gerilja-gruppa ELN er framleis i fredsforhandlingar med staten, samstundes som både kriminelle gjengar og narkotikakartell herskar i delar av landet. Valet av den progressive presidenten Gustavo Petro i 2022, må sjåast som resultat av kraftige mobiliseringar og folkelege krav sidan 2019, og har gitt eit nytt håp om endring.

Landeigarskap er sentralt for å forstå den langvarige konflikten i det frodige fjellandet ved ekvator i Sør-Amerika. Av landet, på 1,1 millionar kvadratkilometer, er 0,43, altså 430 millionar dekar, definert som jordbruksland av FAOSTAT. Til samanlikning har Noreg 0,36 millionar kvadratkilometer landareal og 10 millionar dekar jordbruksjord. Colombia er landet i verda med mest ujamn fordeling av jord. Ifølgje FN's høgkommissær for flykningar er 6,8 millionar colombianarar, primært småbrukarar, urfolk, afrocolombianarar og andre menneskje i rurale områder fordrevne frå heimane sine som følgje av konflikten. Motstand har vorte møtt med massakre. Sosiale leiingar er drepne i hopetal – heile 1534 leiingar og menneskerettsforkjemparar er drepne berre mellom 2016 og 2023. Landet er med det blant dei farlegaste i verda for miljø- og landforsvarar. I alt er nær ein halv million menneske drepne i konflikten sidan slutten av femtitalet. Dette opplyste den norske regjeringa i desember 2022, i høve at Norge er eit av garantistlanda for fredsprosessen.

I Colombia, som andre tidlegare koloniland, er eigarskap til jord og landområde omstridt heilt attende

til kolonitida. I løpet av 1900-tallet vart det omfordelt 120 millionar dekar jord; noko til urfolk, småbrukarar og afroetterkomarar, men mykje vart gitt til store landeigarar med nærleik til den politiske og økonomiske makteliten og kyrkja. Dette sistnemnde forsterka den allerede skeive fordelinga. Mykje land har blitt rana dei siste tiåra, og landsbygda har vore prega av frykt, vald og folk på flukt. Fordrivne småbrukarar



som har vendt attende til jorda si, har funne ho selt til selskap og omgjort til plantasar, og dei har blitt fortald at skal dei få jorda attende, må dei betale tilbake selskapa sine plantasjeinvesteringar, noko dei sjølv sagt ikkje har økonomi til. Dei mange tapa av land, og eit maktvakuum på grunn av manglande statleg nærvær på bygda, har forsterka konfliktane.

Den internasjonale småbrukarrørsla La Via Campesina har støtta dei colombianske bondeorganisasjonane opp mot fredsforhandlingane. No har LVC ein overvakande funksjon. Dei melder at det går riktig veg, men at det som er lova småbrukarane i fredsavtala, ikkje er i mål. Delen av fredsavtala, kalla den heilskaplege bygdereforma (*reforma rural integral*), har størst etterslep. Den lovar ei jordreform som fordeler 30 millionar dekar jord frå store til små og formaliserer eigedomsskøyte på små- og mellomstore landbrukseigedommar på til saman 70 millionar dekar. I mars 2022 var nær 5 millionar dekar fordelt om og eigedomsskøyte på 21 millionar dekar formalisert, berre 16 % og 29 % av avtalemåla. Småbrukarorganisasjonar i landet er utolmodige. Dei peiker dessutan på at målet i seg sjølv ikkje er ambisiøst nok. 30 millionar dekar utgjer berre 7 % av jordbruksarealet og 2,6 % av det totale landarealet.

Den nye regjeringa frå 2022 ser matsoverenitet og agroøkologi som viktige beryjelkar for jordbruket, og har lova å setje fart på statens gjennomføring av forpliktingane i fredsavtala. Dei er den fyrste venstreside-regjeringa i republikkens historie, som elles har vore styrt av ein konservativ politisk elite, og har vekt håp og forventingar hjå landets småbrukarar. Petro uttalde i desember 2023 at han ikkje trudde det

wille bli mogleg å gjennomføre omfordeling av dei 30 millionane dekar i løpet av fireårsperioden regjeringa er valt for. Jordreforma, og ikkje minst ønsket om ei rask gjennomføring av denne, møter motstand frå den konservative makteliten, med store landeigarar og bedriftseigarar i front. Frå dei sosiale rørslene

i Colombia, småbrukarrørsla blant dei, er det vanleg å høyre at: ja, det er progressive kreftar i regjering, men dei sit ikkje med makta. Konfliktar om jordeigarskap har vara i hundreår. Og når makt og status i samfunnet har vore forbundne med mengde jord aktørane eig, vil det naturlegvis vere sterke motkrefter mot eitkvart forsøk på jordreform.

Fredsavtala, og med dette det påbegynte arbeidet med jordreform, gir eit etterlengta håp om varig fred i landet, men framleis står mykje på spel. Fleire spør seg no om regjeringa gjer det dei klarar, og om dei klarar å gjennomføre nok til å halde på den folkelege støtta som fekk dei inn i regjering i 2022. Attval av Petro-regjeringa framstår som viktig for kor omfattande og rask innfriing me vil sjå av fredsavtala, i tillegg til kor godt dei klarar å bruke handlingsrommet sitt. Ein kan også spørje seg kor overtydande og eventuelt tillitsbyggjande Petro klarar å vere i møte med sine meiningsmotstandarar, og dessutan kva kan dei vere villige og kapable til å gjere om eller når dei ikkje får det som dei vil.

Den valdelege historia har i alle høve vist at det fruktbare landet sårt treng ei demokratisering av tilgangen på jord. Innfriing av fredsavtala er føresetnaden for varig fred.

Margit Fausko og Frøya Torvik,  
foto Margit Fausko